

Dugnad på torvhuset på Liberr-støylen

Endeleg var det igjen arbeid på torvhuset.

Det var våren 2007 vi bestemte oss for å bygge opp at det nedbrotna taket på torvhuset som ligg på reinekanten nedanfor Liberr-støylen. Med mange tunge tak fekk vi streva opp nye, solide taksperrer. Deretter la vi ut trodbord og takpapp. Planen var å legge steinheller som taktekkning, men vi kom ikkje så langt. Vinteren vart sett til med taket nedlasta med store gråsteinsheller, sjå bildet til høgre.



Våren etter var dei fleste hellene vekke. Vinden hadde rett og slett blåse dei av, kanskje med hjelp av den relativt glatte takpappen. Vi konkluderte med at berre heller neppe ville vere løysinga på ein så verhard plass, og då var kombinasjonen torv og steinheller den nærliggande løysinga.

Heile 2008 gjekk utan at vi hadde kapasitet til å gjere noko med taket på torvhuset. Dette har plaga oss, spesielt fordi dette var eit arbeid vi kunne gjere utan bruk av særlege økonomiske midlar.



Så endeleg, laurdag 31. oktober kl. 09.00 presis sto Atle, Jan og Terje på vegenden på Skårbø med ryggesekkar fylte med niste, kaffi og verktøy – alt dette må til når ein skal ha dugnad. I tillegg måtte ein rull knotteplast berast med som underlag for torva.

Som vanleg blei bakken opp frå Rydjajorda til Liberr-støylen ein test på kondisjonen. God eller ikkje – vi kom oss opp med tilfanget og arbeidslysta intakt. Taket vart rydda for dei hellene som var att, slik at vi kunne feste krokar for torvhald og legge ut knotteplasten.

Så var det berre å komme seg opp på myra på Liberr-støylen og finne eigna torv til taktekkning. Her har vore teke ut torv i generasjonar, så det var nok å ta av. Terje løyste passelege torvflak med god vegetasjon. Desse var i storleik tilpassa slik at dei kunne balanserast opp i ein plastkasse spikra på to stenger. I denne kassen bar Jan og Atle torva over myra og ned den bratte bakken til torvhuset, der torvflaka vart utlagde. Med ei nyoperert skulder på den eine og dårlege kne på den andre var det heile tida ein diskusjon om kven som skulle gå føre og kven som skulle gå bak. Ingenting var godt, men gleda av dugnadsarbeidet dempa smertene.



Arbeidet var uvandt og vi streva litt, derfor vart kaffipausen eit kjærkomme avbrot. Finare utsikt enn frå torvhuset skal ein leite lenge etter, og med opphaldsver og lufttemperatur rundt 10 °C må vi berre seie at vi ikkje ville ha bytta denne stunda med nokon.

Med nye krefter vart det ei økt til. Vi vart ikkje ferdige, men «godt begynt er halvt fullendt». Ein dugnad eller to til så blir torvhuset kjempefint, og eit viktig kulturarbeid er gjort.



Ca. kl. 14.30 var vi tilbake på snuplassen på Skårbø, litt trøytte, skikkeleg fornøgde med dagen, og med ynskje om at fleire vil dele gleda av dugnad med oss neste gong.

31.10.2009
th